

Høyringsfråsegn om NRK-plakaten 2022

Askøy, 7. februar 2022

Takk for innbydinga til å seia frå om NRK-plakaten; eit dokument som Kulturdepartementet har til høyring fram til 7. februar 2022. Fråsegna mi gjeld det språklege i NRK og NRK-plakaten.

Det grunnleggjande er at NRK lyt få vedtekter med ein NRK-plakat som er i tråd med *lov om språk* (språklova). Språklova har golde sidan 1. januar 2022. Språklova inneber at staten no nemner bokmål og nynorsk som *språk* og ikkje lenger som *målformer*. Lova inneber vidare på visse punkt ei styrking av nynorsk. Lova styrkjer dessutan statusen for dei andre språka som er direkte nemnde i språklova og som det offentlege på ymist vis har særleg ansvar for: dei samiske språka, norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes. Dessutan nemner språklova retten til å bruka dansk og svensk i kontakt med offentlege organ i Noreg.

Eg har utvida og gjort om på formuleringane i §§ 16 og 19 i den NRK-plakaten som gjeld. Eg meiner at NRK-plakaten (og NRK-vedtektene som heilskap) trengst på både bokmål, nynorsk og dei samiske språka. Det lyt til for å oppdatera NRK-plakaten etter språklova og politikken som følgjer av henne. Eg har argumentert vidare for det nedanfor. Dei (delvis omformulerte) tekstdelane eg gjer framlegg om i §§ 16 og 19, har eg sett i kursiv, både i bokmålsversjonen og nynorskversjonen nedanfor. Eg vil oppmoda Kulturdepartementet til å nytta a-infinitiv i nynorskversjonen av NRK-plakaten. Det er viktig å syna fram at a-infinitiv er kurant på nynorsk.

I samsvar med språklova bør NRK-plakaten ha oppdaterte formuleringar om mengdekravet om minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk hjå sentrale statsorgan. Eg meiner elles at NRK-plakaten bør utvida målsetjinga om innhaldsmengda på nynorsk. Det er au grunn til å styrkja bruken av nynorsk i dei verbale rammene som innhaldet vert vist i. I dag heiter til dømes NRK Nyheter alltid NRK Nyheter, au når Ingvild Bryn er nyhendeanker i Dagsrevyen. Uavhengig av Ingvild Bryn bør NRK Nyheter au kunna heita NRK Nyhende, både som sagt og som skrive.

Eg meiner elles at NRK-plakaten bør endrast med grunnlag i delane av språklova som styrkjer statusen for dei samiske språka, norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes, men eg har ikkje sjølv gjort framlegg om korleis NRK-plakaten bør vera formulert med tanke på det. Unnataket er framlegget mitt om at NRK-plakaten au skal vera skriven på dei samiske språka.

Eg meiner at NRK i all hovudsak bør halda på dansk og svensk tale – på originalmålet – når danske og svenske medieproduksjonar vert formidla i NRK til norske mediebrukarar.

Eg meiner at NRK bør styrkja kravet til normert tale på bokmål og nynorsk i nyhendesendingar, programannonsering og tilsvarande program. At visse NRK-medarbeidarar i desse samanhengane i dag er nøydd til å spesialisera og spissa idiolekten sin så han akkurat passar inn etter reglane, er i grunnen eit argument for heller å bruka kreftene på å normera til bokmål eller nynorsk. Det er, høyrrest det ut til, like lett eller vanskeleg for NRK-medarbeidarar å normera talemålet til bokmål eller nynorsk som det er å spesialisera talemålet til ein idiolekt som akkurat passerer nålauga for språkføring i NRK. Eg har ikkje formulert framlegg til nye reglar for dette i NRK-plakaten, men eg meiner det er naudsynt å styrkja kravet til å bruka normert bokmål og nynorsk i NRK. Særleg gjeld det nynorsk. Det er nyttig og lærerikt for alle å høyra det normerte nynorske målet oftare.

Eg har derimot formulert eit framlegg om at taleinnhald som ikkje er å rekna som normert bokmål eller nynorsk, ikkje skal telja med når ein reknar fordelinga mellom bokmål og nynorsk. Det bør rett og slett klassifiserast som dialekt, sosiolekt og idiolekt; eit munnleg innhald som i dag vel vert fordelt

halvt om halvt som bokmål og nynorsk. Det beste er å halda det utanfor klassifiseringane bokmål og nynorsk, au fordi teljemåten i dag er diskutabel av fleire grunnar.

Eg vil au understreka kor viktig det er at NRK-plakaten får sterkare målsetjingar og krav om å nå born og unge med medieinnhald på norsk, bokmål, nynorsk og samisk, på mediefrontar der engelsk er gjengs i dag. Det er au viktig at born og unge høyrer dansk og svensk tale.

Framlegg til §§ 16 og 19 på bokmål og nynorsk, med grunngjeving:

Bokmål

§ 16 NRK skal styrke de norske dialektene, de norske språkene bokmål og nynorsk og de samiske språkene. NRK skal styrke norsk og samisk identitet og kultur. NRKs regler for språkbruk og NRKs allmenne vedtekter skal foreligge til samme tid på bokmål, nynorsk og de samiske språkene. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i folket. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunns- og kulturforhold og nordiske språk. NRK skal i all hovedsak overføre innhold som har dansk og svensk tale, på originalspråket.

Nynorsk

§ 16 NRK skal styrkja dei norske dialektane, dei norske språka bokmål og nynorsk og dei samiske språka. NRK skal styrkja norsk og samisk identitet og kultur. NRKs reglar for språkbruk og NRKs allmenne vedtekter skal liggja føre til same tid på bokmål, nynorsk og dei samiske språka. Ein stor del av tilbudet skal ha norsk forankring og spegla det kulturelle mangfaldet i folket. NRK skal ha daglege sendingar for den samiske folkesetnaden. NRK skal ha program for nasjonale og språklege minoritetar. NRK skal formidla innhald frå Norden og medverka til kunnskap om nordiske samfunns- og kulturtilhøve og nordiske språk. NRK skal i all hovudsak overføra innhald som har dansk og svensk tale, på originalspråket.

Grunngjeving for framlegget: Å få NRKs vedtekter på bokmål, nynorsk og dei samiske språka i Noreg er viktig. Det vil understreka formelt og praktisk den statusen desse språka har i mediehuset NRK og i staten Noreg (jamfør språklova og samelova) og den sterke tilknytninga desse språka har til norsk og samisk identitet og kultur. Språklova reknar bokmål og nynorsk som *språk*, og det er difor rett å nemna dei som *språk* i NRK-plakaten. Det mediehuset som staten finansierer på vegner av heile folket, treng grunnlova si – det vil seia NRKs vedtekter – på bokmål, nynorsk og dei samiske språka.

Det er viktig å understreka at overføring av medieinnhald med dansk og svensk tale, er det som gjer det mogleg å forstå talt dansk og svensk. Difor bør au dei yngste brukarane av medieinnhaldet i NRK høyra danske og svenske produksjonar i NRK på originalspråket.

Bokmål

§ 19 NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold. Hvert år skal både bokmål og nynorsk hver for seg omfatte minst 25 prosent av det norskspråklige innholdet. NRK har som målsetning at minst en tredel av innholdet skal være på nynorsk og maksimalt to tredeler på bokmål.

Det norskspråklige innholdet som ikke er normert muntlig på bokmål eller nynorsk, skal NRK regne som dialekt, sosiolekt og idiolekt. NRK skal klassifisere den muntlige språkbruken i NRK i tre grupper: a) bokmål, b) nynorsk, c) dialekt, sosiolekt og idiolekt. NRK skal ikke regne innholdet i gruppe c) med i fordelingen mellom bokmål og nynorsk.

NRK skal veksle mellom bokmål og nynorsk i ramme- og menytekster og andre verbalinnslag som står til innholdet, særlig når innholdet formidles ofte, jevnlig og varig eller når innholdet er regnet som særlig samlende, viktig eller vesentlig. NRK skal veksle ved å benytte bokmålsformuleringene i en viss periode eller ved en viss anledning, og deretter nynorskformuleringene i den neste tilsvarende perioden eller ved den neste tilsvarende anledningen. Lignende regler om bokmål og nynorsk kan gjelde for innholdsbenevnelsene, for eksempel navn på fjernsynsprogram, radioprogram og podkaster.

Nynorsk

§ 19 NRKs tilbud skal i hovudsak ha norskspråkleg innhald. Kvart år skal både bokmål og nynorsk kvar for seg omfatta minst 25 prosent av det norskspråklege innhaldet. NRK har som målsetjing at minst en tredel av innhaldet skal vera på nynorsk og maksimalt to tredelar på bokmål.

Det norskspråklege innhaldet som ikkje er normert munnleg på bokmål eller nynorsk, skal NRK rekna som dialekt, sosiolekt og idiolekt. NRK skal klassifisera den munnlege språkbruken i NRK i tre grupper: a) bokmål, b) nynorsk, c) dialekt, sosiolekt og idiolekt. NRK skal ikkje rekna innhaldet i gruppe c) med i fordelinga mellom bokmål og nynorsk.

NRK skal veksla mellom bokmål og nynorsk i alle ramme- og menytekstar og andre verbalinnslag som står til innhaldet, særleg når innhaldet vert formidla ofte, jamleg og varig eller når innhaldet er rekna som særleg samlende, viktig eller vesentleg. NRK skal veksla ved å nytta bokmålsformuleringane i ein viss periode eller ved eit visst høve, og deretter nynorskformuleringane i den neste tilsvarende perioden eller ved det neste tilsvarende høvet. Liknande reglar om bokmål og nynorsk kan gjelda for innhaldsnevingane, til dømes namn på fjernsynsprogram, radioprogram og podkastar.

Grunngjeving for framlegget:

Det er på tide å oppdatera og utvida mengdekravet om bokmål og nynorsk i NRKs norskspråklege innhald. Det mengdekravet om bokmål og nynorsk som gjeld sentrale statsorgan etter språklova, er at slike statsorgan maksimalt kan nytta 75 prosent bokmål *eller* nynorsk i det offentlege skrifttilfanget sitt. Etter språklova er NRK eit offentleg organ og eit statsorgan som i prinsippet er omfatta av dette mengdekravet. Det har fylgjer for formuleringane om mengdekravet. NRK-plakaten må omfatta regelen om at NRK, til liks med «[s]entrale statsorgan», «skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk ...» (jf. språklova § 13), for å understreka at NRK i prinsippet kan bruka nynorsk i mykje meir enn 25 prosent av innhaldet. Eg meiner dessutan at NRK, i tråd med at offentlege organ som NRK har «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.» (jf. språklova § 1), bør utvida målsetjinga si om kor mykje nynorsk NRK skal ha i innhaldet sitt.

Måten NRK brukar i dag for å fordela dialektbruk og annan tale som ikkje er normert bokmål og nynorsk, i kategoriane bokmål og nynorsk, i samband med teljinga av bokmålsbruk og nynorskbruk, er så problematisk at denne talekategorien bør haldast utanfor det som har å gjera med fordelinga mellom bokmål og nynorsk.

Fast, varig og jamleg innhald som nyhendesendingar, vêrmeldingar og programomtale har i dag i all hovudsak meny- og rammetekstar på bokmål, au når nyhendeopplesaren, vêrmeldaren eller programannonsøren brukar nynorsk. Sendingar i samband med nasjonale val kommunestyre- og fylkestingsval og stortingsval), TV-aksjonen og andre store medieendingar i NRK bør skifta mellom bokmål og nynorsk i ramma for innhaldet. Det bør stå i NRK-plakaten. Det er slik i dag at til dømes

landsnamnet 'Noreg' på nynorsk er svært lite med i programnamn, medan 'Norge' er mykje oftare med. Ei løysing kan dimed vera å ha namn og nemningar på både bokmål og nynorsk

Venleg helsing

Erlend Bakke

Askøy, 7. februar 2022